


Holmefjord



Før botnane kunne setjast i, måtte tønna kryssast.

Før kryssing måtte tønna jamnast på innsida med rundhovel. Krysset er eit rettinkla spor som botnen skal sitja i. Det vart laga med krysshovel. Botnen vart sett i og banka varsamt i med diksla. Så vart endebandet sett på.

Slagbanda var no lause og vart fjerna. Tilslutt vart tønna pussa utanpå med pusshovel, og stavskøytane vart hovla jamne. Bøkkeren kontrollerte til slutt om tønna vart tett ved å bora hol i den eine botnen og «blåsa» tønna til han kjente overtrykket. Så vart tønna merka og lagra.

Tønna vart snudd og dei sprikjande stavane vart pressa litt saman med ei tønnerinne. Eit stort jernband (overdrivaren) vart lagt over stavendane og rinna fjerna. Tønna vart no flytta til grua og fyrt. Fyrjernet vart fylt med spon. Etter at spona var tende på, vart tønna sett over. Tønna vart oppvarma og mjukare. Etter fyringa vart stavendane truga heilt saman med rinna. Det vart sett på tilsvarende ende-slagband og bukband som i andre enden. No skulle tønna drivast. Banda vart banka nedover tønna med diksel og drivar. Tønna si dobbelkoniske form gjorde at stavane vart truga meir og meir saman under drivinga. Bøkkeren måtte driva tønna til ho var tett.



Holmefjord og Bogøya er kjerneområdet for bøkkerverksemda i Fusa. Både ved Samnøysjøen, i Holsund og på Boga har det vore tønneproduksjon i stor skala; på Boga og i Holmefjord er det framleis verksemder som har folk i arbeid.

Holsund var ein sentral stad den tid fjorden var viktigaste ferdsle-vegen. Her var gjestgjevarstad alt i 1820, og handel frå 1857, seinare bakeri òg.

Første heradsstyrevalet i bygdene her, oktober 1837, gjekk føre seg i Holsund. Kommunane Fusa, Samnanger og Os var då eitt herad, med namnet Ous.

Holsund var òg møteplass då Ous formannskap hadde sitt første møte 30. desember same året og valde Hans Astrup Krüger frå Skjørsand til ordførar. I somme periodar var alle kommunesyremøta i Ous haldne i Holsund. □



Handelsbua frå Holsund er i dag på Hordamuseet.

Th.: Handelsstaden Holsund hadde ei strategisk plassering på sørspissen av Bogøya, ved leia inn Samnangerfjorden.



HELLERISTNINGSSKIP PÅ SAMNØYA



På austsida av Samnøya finst det helleristingar på to berg, eit par hundre meter frå kvarandre. Begge stader er det skipsmotiv som dominerer med over 20 figurar i alt. På det største feltet finst også skålgroper. På to av skipa på det største feltet endar stammene i dyrehovud, om lag som på vikingskipa. Men ristningane på Samnøya hadde alt lenge vore oldtidsminne då vikingane siglde mot vest. Skipsfigurar av dette slaget vert daterte til slutten av bronsealderen, godt og vel 500 år f. Kr.